

Styremøte 30.04.25

Til stades: Lars Petter, Asbjørn, Marit, Ingvald, Judith, Wenche.

Sak 1: Jubileumshelg 14. -15. juni.

Gjennomgang av program for helga. Jubileumskomiteen har sett opp eit variert program, med ulike aktivitetar og jubileumsfest.

Diskusjon om å ta med fleire aktivitetar, t.d tur frå Naustdag søndag. Denne vart lagt til i programmet.

Informasjon til medlemmer og andre om jubileet:

- kontakte NRK og Firda for medieomtale.
- sende ut invitasjon til alle medlemmer.

Lars Petter og Marit legg ut i media og sender ut invitasjonar.

Komiteen lagar ferdig programmet og spør elvegruppa om dei er med.

Det trengs frivillige til å ta seg av organisering av aktivitetane og tillaging/servering av mat. Vi teng frivillige til:

- mat/organisering mat
- instruktørar kajakk
- rigging
- rydding

Det vart sett opp oversikt over medlemmer som kan delta på dei ulike oppgåvene og laga liste over fleire medlemmer vi kan spørje om å delta.

Komiteen tek kontakt med dei aktuelle og set opp liste over kven som kan vere med.

Sak 2:

Spørsmål om deltaking på kulturnatt i Førde fredag 13.juni. Klubben er positive til å delta med ulike aktivitetar. Sigurd, Asbjørn, Lars Petter og Ingvald stiller.

Sak 3:

Lars Petter informerte om at det blir padling for elevar frå Førde vidaregåande skule på dagtid 6/5, 8/5 og 5/6. Lars Petter er instruktør.